

# MANDAT FOR LOKUT NLA HØGSKOLEN

Vedtaksdato: 15.12.2022

## Ansvarsområde

LOKUT har som primær oppgave å sikre at utdanningskvaliteten ved NLA Høgskolen innfrir minstekravene som er stilt til utdanningskvaliteten gjennom universitets- og høyskoleloven, Kunnskapsdepartementet si studiekvalitetsforskrift, NOKUT si studietilsynsforskrift og NLA Høgskolen sine egne vedtekter, kvalitetssystemet for utdanning og andre interne styringsdokumenter.

Dette er konkretisert som følger:

1. Kvalitetsutvikling. LOKUT skal:
  - a) fastsette maler og prosedyrer, samt organisere og følge opp arbeidet med disse
  - b) fastsette rulleringsplan for periodisk evaluering av NLA sine studietilbud
  - c) uttale seg om årlege kvalitetsrapportar og foreslå tiltak
  - d) uttale seg om forslag til endringar i NLA Høgskolen sitt kvalitetssystem for utdanning
  - e) uttale seg om forslag til endringar i retningslinjer for ekstern sensur
  - f) bidra til økt kompetanse på kvalitetsarbeid gjennom LOKUT sitt eige arbeid og ved å gjere resultatene av LOKUT sitt eige arbeid tilgjengeleg internt i organisasjonen
  
2. Kvalitetssikring av studie- og emneplanar. LOKUT skal:
  - a) fastsette maler og prosedyrer til eigen sakhandsaming
  - b) godkjenne vesentlege endringar i studie- og emnebeskrivelser høgskulen er akkreditert for
  - c) godkjenne nye studie- og emneplanar høgskulen er akkreditert for
  - d) kvalitetssikre søknad om akkreditering av studietilbud som høgskulen ikkje har akkreditering for. Søknaden skal godkjennast av styret før innsending til NOKUT.
  - e) opprette sakkyndig komité for vurdering av studieplanar, dersom LOKUT finn dette tenleg som grunnlag for si endelege vurdering eller for forslag til forbetring. Dette vil mellom anna kunne vere aktuelt ved heilt nye studietilbud eller ved store revisjonar. LOKUT kan også sende studie- og emneplanar til høyring til relevante fagpersonar eller fagmiljø.
  - f) reakkreditere studietilbud etter periodisk evaluering

## Organisering:

LOKUT vert utnemnt av styret for tre år og har følgjande samansetting:

- fire vitskapelege tilsette frå minst tre ulike vitskapelege avdelingar ved NLA Høgskolen

- to studentar utnemnt av Studentparlamentet for eitt år

Minst to medlem skal ha professor- eller førstekompetanse.

LOKUT vel leiar og nestleiar for eitt år. LOKUT sin leiar (nestleiar) er møteleiar.

LOKUT er vedtaksført når halvparten av medlemane er til stades. Vedtak vert gjort ved simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal tel møteleiaren si stemme dobbelt.

LOKUT kan invitere andre til møte når dette er ønskjeleg av omsyn til dei sakene som skal handsamast.

Prorektor for utdanning og studiesjef eller ein dei ber møte i staden for seg har møte- og talerett.

Faggruppe for utdanningskvalitet er saksførebuar for alle saker til LOKUT.

Ein rådgjevarar frå faggruppa for utdanningskvalitet, oppnemnd av leiar for faggruppa dersom ein slik leiar finst, ellest av rektor, er sekretær for LOKUT.